

**Overordna avtale om samhandling på helse- og omsorgsområdet
 i Helse Bergen sitt føretaksområde**

Februar 2009



Haraldsplass
 DIAKONALE SYKEHUS
 Bergen Diakonissehjem



Askøy



Austevoll



Austrheim



BERGEN KOMMUNE



Fedje



Fjell



Fusa



Granvin



Kvam



Lindås



Masfjorden



Meland



Modalen



Os



Osterøy



Radøy




Samnanger



Sund



Ulvik



Vaksdal



Voss



Øygarden

Overordna avtale om samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane innanfor Helse Bergen sitt føretaksområde

1. Bakgrunn

Avtala er utarbeidd på bakgrunn av føringar gitt i:

- Nasjonal rammeavtale om samhandling på helse- og omsorgsområdet, juni 2007
- Lov om spesialisthelsetjeneste m.m.
- Lov om helsetjeneste i kommunene
- Lov om pasientrettigheter
- Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern

Lovene utgjer ein heilskap som føreset samhandling mellom kommunane/primærhelsetenesta, og helseføretak/spesialisthelsetenesta.

2. Føremål

Det overordna føremålet med avtala er å skape dei beste føresetnader for forpliktande fagleg og administrativ samhandling, alltid med brukaren sine beste interesser i fokus, mellom likeverdige partar og aktørar på ulike nivå. Det skal leggjast særleg vekt på følgjande moment:

- Sikra kontinuitet i behandlinga, for brukarar/pasientar og pårørande.
- Fremje visjonen om heilskapleg tenestetilbod.
- Partane skal arbeide saman for at helsetenestene heile tida skal ytast på riktig nivå, (jamfør LEON-prinsippet).
- Det skal arbeidast aktivt for å vidareutvikle gjensidig tillit mellom partane i avtaleperioden. Det skal visast respekt for den andre parten sine utfordringar og prioriteringar.
- Det skal leggjast til rette for at pasienten/brukaren får størst mogleg innverknad på sitt eige behandlingsforløp.

3. Samhandlingsstruktur

Avtala skal fremje kommunikasjonen mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. Det er eit felles mål at utfordringar i samarbeidet skal handterast på lågast moglege nivå. Det vil sei at det meste av kommunikasjonen skal gå på tvers, mellom einingane i dei ulike tenestene som samarbeider om pasientane.

Det er også behov for møtepunkt på høgare nivå, der det jamleg er høve til å adressere eventuell usemje og handtere behovet for justeringar og endringar i avtaleverket.

Den konkrete samhandlinga om pasientar skal i størst mogleg grad vere basert på underordna avtaler og rutinar. Alle underordna avtaler, som vert inngått mellom primær- og spesialisthelsetenesta innan Helse Bergen sitt føretaksområde, skal tilpassast innhald og styringsstruktur i den overordna avtalen.

Det skal leggest til rette for brukarrepresentasjon i alle organ og møtearenaer som inngår i denne samhandlingsavtala. Brukarrepresentant kan bli oppnemnd av brukarutvalet ved det mest involverte sjukehuset/helseføretak. Der brukarutvala ser det som hensiktsmessig bør det være to brukarrepresentantar.

Det vert lagt opp til følgjande styringsstruktur for avtala: (sjå illustrert i modell i vedlegg).

3.1.

Årleg **Toppleiarmøte**, mellom politisk og administrativ toppleiing i alle kommunane, og leiinga ved Helse Bergen (HB) og Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS).

Føremål: Sikre forankring og etterleving av samhandlingsavtala.

Organisering: Ansvar for å legge til rette for dette møtet ligg hos Helse Bergen, i samråd med samarbeidssekretariatet (sjå punkt 3.3).

3.2.

3.2.1.

Det vert etablert **fire overordna samarbeidsutval**, basert på etablerte kommuneregionar: Nordhordland, Voss lokalsjukehusområde, Bergensregionen og Bergen kommune som eigen aktør.

Føremål: Følje opp underordna avtaler, kan utvikle og styre nettverk, felles prosjekt, konkrete samarbeidstiltak osv.

Organisering: Det vert tilrådd å utarbeide nærare mandat for det enkelte utval. Det skal være representasjon frå Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sykehus i utvala i område der sjukhusa har sektoransvar. Brukarrepresentasjonen skal – så langt det er mogleg - forankrast gjennom utnemning av representantar frå relevante kommunale eller regionale råd.

Andre samarbeidspartnarar kan innkallast og vere representert på einskildmøte i samarbeidsutvala når dette er naturleg.

3.2.2.

Desse fire overordna samarbeidsutvala møtes i eit **fellesmøte** ein gong årleg.

Føremål med fellesmøte:

- Ansvar for oppfølging av overordna samhandlingsavtale.
- Styring av eventuelle underavtaler/nettverk/fagråd eller liknande som omfattar heile Helse Bergen sitt føretaksområde.
- Ansvar for oppfølging av underordna samarbeidsavtaler og rutinar som vert inngått for fagfelt, geografiske områder eller brukargrupper, som ikkje har ansvarsinndeling som stemmer med dei fire overordna samarbeidsutvala.

Andre samarbeidspartnarar, medrekna private ideelle aktørar innanfor spesialisthelsetenesta, som har avtale med Helse Vest, skal innkallast og være representert på fellesmøte med samarbeidsutvala. KS skal og vere representert.

3.3. Samarbeidssekretariat

Føremålet er å vere ein koordinerande instans med følgjande oppgåver:

- Sekretariat for dei overordna samarbeidsutvala
- Sikra koordinering innan samhandlingsstrukturen
- Planlegge møter i, og følge opp føringar gitt frå samarbeidsutvala og toppleiar møte
- Halde seg orientert om saker som vert behandla i dei regionale samarbeidsutvala og andre underordna utval
- Sekretariatet skal fungere som bindeledd mellom samarbeidsutvala, og kan medverke til å plassere ansvar for behandling av saker i rett instans innan samhandlingsstrukturen
- Sekretariatet har ansvar for å gjere avtalene kjent og formidle desse elektronisk.

Organisering: Personell på rådgjevarnivå frå spesialisthelsetenesta, representasjon frå kvart samarbeidsutval. Sekretariatet skal ha ein leiar.

Underordna avtaler/rutinar skal omfatte så mange kommunar som mogeleg. Dersom ein eller fleire kommunar har spesielle behov, som ligg på sida av – eller går ut over – det som er avtalt av ordinære rutinar og vilkår, kan det inngåast særavtaler.

4. Prosess for handtering av usemje

Usemje om handtering av avtala, skal handterast på lågast mogelege nivå. Dersom semje ikkje vert oppnådd skal samarbeidssekretariatet formidle tvistesaker fram til handsaming i rett instans.


Avvik skal bli handtert innan den organisasjonsmessige strukturen i involverte institusjonar/einingar. I underavtaler kan det gjerast særlege avtaler om handteringa av usemje eller avvik. Ved usemje om tolking av underavtaler og avtalte rutinar, kan saka takast vidare til eit samarbeidsforum på overordna nivå.

5. Iverksetting, evaluering og revisjon


Avtalepartane forpliktar seg til å gjere avtaleverket kjent for eigne tilsette og brukarar. Partane må også sette av nok ressursar knytt til medverknad i dei ulike skisserte fora for samarbeid. Det er ei gjensidig forplikting på partane knytt til å gje løypande støtte og oppfølging til samarbeidssekretariatet.

Evaluering av avtalen skjer på det årlege fellesmøte. Avtala trer i kraft frå 16.02.09, og varer fram til og med 31.12.2012. Alle underordna avtaler som vert inngått i denne perioden bør falle saman med den overordna avtala sin utløpsdato.

Bergen 16. februar, 2009



sign Helse Bergen




sign Askøy kommune


.....
sign Austrheim kommune




sign Fedje kommune




sign Fusa kommune




sign Kvam herad




sign Masfjorden kommune




sign Modalen kommune




sign Osterøy kommune




sign Samnanger kommune



sign Ulvik kommune



sign Voss kommune




sign Haraldsplass Diakonale sjukehus




sign Austevoll kommune




sign Bergen kommune



sign Fjell kommune




sign Granvin herad




sign Lindås kommune




sign Meland kommune




sign Os kommune



sign Radøy kommune



sign Sund kommune



sign Vaksdal kommune



sign Øygarden kommune

Vedlegg 1

Modell for samhandling på helse- og omsorgsområdet i
Helse Bergen sitt foretaksområde

